

MOTLANDSMARKA BARNEHAGE

ABC

informasjon



Postadresse:
Motlandshagen 5 4365,
Nærbø

Telefon:
51436900

Internett:
www.ha.no/motlandsmarka

Organisasjonsnummer:
916996101

A	<p>Adresse Motlandshagen 5 4365 Nærbø</p> <p>Allergiar Informert om allergiar som barnet ditt har. Det er viktig at me får vite om allergiar, slik at me kan ta hensyn og forholdsreglar, til barnet sitt beste.</p> <p>Arrangement På felles arrangement som f.eks. påskefrukost og haustkafé, har foreldre ansvar for egne barn.</p> <p>Arbeidsmiljø Alle treng eit godt arbeidsmiljø, både liten og stor. Eit godt fysisk og psykososialt miljø fremmar helse, trivsel og læring. Barn har eit naturlig forhold til humor og glede, som dei vaksne må lære dei å ta vare på og utvikle vidare. Barna har ein egen forskrift for miljøretta helsevern i barnehagen.</p> <p>Avdelingar Barnehageåret 2021/2022 har me 6 avdelingar med totalt 101 barn.</p> <p>Rød avdeling: 13 barn i alderen 1-2 år.</p> <p>Gul avdeling: 14 barn i alderen 1-2 år.</p> <p>Blå avdeling: 19 barn i alderen 3 år.</p> <p>Grøn avdeling: 18 barn i alderen 2-3 år.</p> <p>Lilla avdeling: 18 barn i alderen 4-5 år.</p> <p>Oransje avdeling: 18 barn i alderen 4-5 år.</p>
B	<p>Barnehageportalen Endring av barnehage tilbudet gjer ein på Hå kommune si heimeside, via «Barnehageportalen».</p> <p>Barnevernet Barnehagen har meldeplikt og opplysningsplikt til barnevernet. Barnevernet har ein fast kontaktperson som rettleiar i barnehagen sitt ressursteam. Barnevernstjenesten er ein ressurs som både foreldra og barnehagen kan nytta seg av.</p> <p>Betaling Alle betaler for 11 månader. Juli er betalingsfri. Sjå kommunale vedtekter. Link til kommunale vedtekter ligg på heimesida.</p>

	<p>Bleier Dersom barnet bruker bleier, så er det foreldre/føresette som har ansvar for å ta dette med i barnehagen. Me liker best «teipbleier». Me gir beskjed når det er tomt for bleier her i barnehagen.</p> <p>Brukarundersøking Felles brukarundersøking for kommunen. Undersøkinga er elektronisk og utførast på nettet. Foreldre får kode av personalet i barnehagen, som dei logger seg inn med. Brukarundersøkinga er anonym. Me håpar på høg svarprosent då tilbakemeldingane i undersøkinga er viktig med tanke på vårt vidare arbeid og utvikling.</p> <p>Bursdagsfeiring Me feirar barna sin bursdag på sjølvje dagen, eller nærmaste dag dersom den faller på ein helge-/hellig-/feriedag. Me lagar krone saman med barnet, heng opp flagget og har bursdagssamling.</p>
C	<p>Celcius Me er stort sett ute i all slags vær, så ha alltid liggande gode klede som passar været. Dei foreldra som ønskjer å bruke kuldekrem tar dette med og me smørar barna. Husk å merke kremen med namn. Er det veldig varmt ute, er me inne delar av dagen for å unngå overoppheting, og for å verne barna frå den sterkaste sola.</p>
D	<p>Dokumentasjon Den viktigaste pedagogiske dokumentasjonen er dialogen mellom føresette og personalet i garderoben. Me dokumenterer og på Visma og på Facebooksida.</p> <p>Periodeplanane fortel om kva barna skal oppleve, erfare og læra i ein periode.</p>
E	<p>E-post Styrrar: lhhe@ha.kommune.no</p> <p>Ass. styrrar: KjerstiEeg.Aanestad@ha.kommune.no</p> <p>Barnehagen: post.motlandsmarka.barnehage@ha.kommune.no</p>
F	<p>FAU FAU er foreldra sitt arbeidsutval. Alle foreldre i barnehagen er medlemmer av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit arbeidsutvala, FAU, desse 7 personane fungerer som eit styre for foreldrerådet.</p> <p>3 i FAU og 3 fra barnehagepersonalet sitter i SU (samarbeids utvalet). Namn på medlemmane finns på heimesida.</p>

	<p>Ferie Barnet skal ha minimum 5 veker ferie i løpet av barnehageåret (15.08.2021.-14.08.2022). 3 av vekene skal vera samanhengande i perioden 1. juni – 15. august. Barnehagane i Hå har feriestengt i veke 29 og 30. Planleggingsdagane kan reknast som ferie.</p> <p>Resten av ferien kan delast opp i enkeltdagar om ein ønskjer det. Alle feriedagar må leverast på Visma seinast ei veke i førevegen. I feriar er fristen ofte tidlegare. Ein kan ikkje søka om feriedagar i ettertid. F.eks. viss foreldre ringer til barnehagen og seier at barnet skal ha fri same dag, tel ikkje dette som feriedag. Me forsøker alltid å ta ut ferie og avspasering for personal når barn har fri. Det er for å ha best mogleg personaldekning. Derfor er det veldig viktig at de føresette gir tidleg beskjed om ferie og fri for barna.</p> <p>Foreldresamtalar Me har to foreldresamtalar i løpet av året. Ein på hausten og ein på våren. Det er sjølvsgt mulig å ta kontakt med personalet om det er behov for fleire samtalar.</p> <p>Foreldremøte Me har to foreldremøter for alle foreldre i løpet av året. Eit på hausten og eit på våren.</p> <p>I juni blir det holdt eit eige foreldremøte for «nye» foreldre, som har barn som begynner i barnehagen til hausten.</p> <p>Forsikring Barna er forsikra så lenge dei er i barnehagen. Forsikring gjeld og på vegen til og frå barnehagen. Sjå kommunale vedtekter. Link er til kommunale vedtekter på heimeside.</p> <p>Fotografering Nokre år har me fotograf på besøk. Det er frivillig om ein vil kjøpe bilete.</p> <p>Førskuleklubb Dei eldste barna i barnehagen går i førskuleklubb. Fokuset her er at barna skal bli best mulig førebudde til skulestart. Den viktigste førebuinga er å få positive sosiale erfaringar og eit godt sjølvbilete.</p>
G	<p>Gruppeinndeling Me har ulike gruppeinndelingar ut ifrå kva me skal gjera. Av og til blir det aldersinndelte grupper, andre gonger er det aldersblanda grupper. Leikegrupper er mindre grupper med nokre barn og ein vaksen. Desse gruppene er ein fin plass for å skapa gode samspels erfaringar.</p>
H	<p>Henting og levering Me ynskjer at foreldre/føresette snakkar med ein ansatt i barnehagen når dei leverer og hentar barna i barnehagen, slik at me er sikre på at me får registrert at barnet har kome eller gått for dagen. Denne dialogen er og viktig</p>

	<p>for at barnet sin trivsel i barnehagen.</p> <p>Høgtider Me markerer fleire høgtider i barnehagen. Dette informerer me om i forkant.</p> <p>Heimeside Alle barnehagar i kommunen har si eiga heimeside. Der ligg månadsplan, nyheiter, planar og anna nyttig informasjon. Motlandsmarka sin adresse er www.ha.no/motlandsmarka.</p> <p>Helsestasjonen Me har samarbeid med helsestasjonen. Helsestasjonen er representert med helsesøster i ressursteamet.</p>
I	<p>Informasjon Me gir og får informasjon ved å kommunisere på ulike måtar. Dagleg kontakt er det vanligaste hos oss, elles er det Visma, periodeplan, heimeside, mail, sms, foreldresamtalar og skriv. Me ønskjer at føresette held seg oppdatert på informasjon frå barnehagen.</p>
K	<p>Klede Barna sine klede må merkast med namn. Då er det lettare å halde oversikten. Barna må ha liggande minst eit sett med ekstra klesskift i barnehagen. Klede tilpassast årstida.</p> <p>Kostpengar Alle betaler månadleg eit fast beløp for kost i barnehagen. Dette varierer ut frå kor mange dagar barna går i barnehagen. For full plass betaler ein 350 kr.</p> <p>Kosthald Me er ikkje ein sukkerfri barnehage, men ein matbevisst barnehage. Me vektlegg eit sunt kosthald, og forsøker å halde oss til sunn mat i barnehagen.</p> <p>Kjøp av dagar Det er moglegheit for å kjøpe enkeltdagar eller veker viss barnehagen har kapasitet til det. Priser for kjøp av dagar/veker: sjå www.ha.kommune.no.</p>
L	<p>Leiker Nokre leiker/kosedyr etc. er eit trygghetsobjekt for barn. Merk med namn.</p>
M	<p>Medisin Dersom barnet har bruk for medisin mens det er i barnehagen, skal det fyllast ut eige medisinskjema. Medisinskjema må vera utfylt for at personalet i barnehagen skal kunne gi medisin til barnet. Barnehagen ønskjer i</p>

	<p>utgangspunktet å ha minst mulig ansvar for medisinar.</p> <p>Måltid Me har tre måltider i barnehagen. Alle måltida blir laga i barnehagen. Barna treng ikkje å ha med matpakke heimefrå. Frukost kl. 07.30 - 08.15. Lunsj kl.10.30. Mellommåltid m/frukt kl.13.30.</p> <p>Månadsplan/periodeplan.</p> <p>Kvar avdeling har enten månadsplan eller periodeplan der det informerast om aktivitetar/planer. Me ønskjer å gi rom for spontanitet, barn si medverknad og barn sin medbestemming. Det vil derfor ikkje alltid stå eit opplegg på planen. Månadsplan blir lagt ut på barnehagen si heimeside.</p>
N	<p>Nærmiljø Me held til veldig sentralt på Nærbø. Bruker nærmiljøet til turar, oppdagingar, undring, leik og læring.</p>
O	<p>Opphaldstid Barna kan vera maks 9 timar i barnehagen i løpet av ein dag. Dette er retningslinjer frå Hå kommune.</p> <p>Opptak Søknadsfristen for hovudopptaket i barnehagen er 1.mars. Søknadsskjema finn de på Hå kommune sine nettsider, under barnehage. Barn som ikkje har fått plass blir sett på venteliste. Barn som har fått plass i ein annan barnehage enn dei har søkt på, kan fortsett velga å stå på venteliste i barnehagen som var 1. prioritet. Barn som har fått plass, beheld den til dei begynner på skulen, eller til dei seier opp plassen. Ved flytting ut av kommunen, mister ein plassen.</p> <p>Oppseiing Oppseiing av barnehageplass blir gjort på kommunen si heimeside. Oppseiingstida er 1 måned, gjeldande frå den 1. eller 15. i kvar måned. Seier ein opp etter 1.april må ein betale ut barnehageåret.</p> <p>Overgangsobjekt Det å begynne i barnehagen kan vera ein stor overgang for dei fleste barna. Mykje nytt: barn, vaksne, regler og rutinar. For nokre barn kan det derfor vera trygt og godt å ha med seg noko kjent og kjært heimefrå. Som for eks. ein bamse, eit bilete, tutt, kosekluten – noko barnet har eit forhold til. Dei som har eit slikt «overgangsobjekt» tar dette med, så det kan hjelpe barnet i oppstartinga i barnehagen.</p>

P	<p>Planleggingsdagar Barnehagane i Hå har 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagen stengt. Oppdaterte dagar står på heimesida.</p> <p>PPT Pedagogisk psykologisk teneste er eit fagleg organ som skal sikre at barn og unge som treng særskilt hjelp og støtte, får gode opplærings- og utviklingsmuligheiter. PPT har ein fast kontaktperson som sit i barnehagen sitt ressursteam.</p> <p>Porten Portane skal alltid vera lukka i barnehagen sine opningstider. Lukk alltid porten etter deg, og fest lenka. Me har ingen barn å miste!</p>
R	<p>Rammeplanen Rammeplanen er barnehagen sitt arbeidsreiskap og beskriver barnehagen sitt innhald og oppgåver. Målet med rammeplanen er å gi styrar, pedagogiske leiarar, og det øvrige personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen. Rammeplanen gir og informasjon til foreldre, eigarar og tilsynsmyndighet.</p> <p>Rydding Det er ønskeleg at alle barn er med og ryddar leiker før dei går heim for dagen. Fint om de er med og hjelper oss med dette.</p> <p>Ressursteam Målsettinga for teamet er tidlig innsats og førebyggjande arbeid, og gi råd vedrørende tiltak for barn og unge frå 0 - 16 år. Dette gjeld både fysiske, psykiske, språklege og sosiale områder. Foreldre kan og nytta ressursteam til å få hjelp i utfordringa ein står i. Meld i frå til ped.leiar eller styrar om du ønskjer det.</p>
S	<p>Samarbeidsutvalet (SU) SU består av valgte foreldre, ansatte i barnehagen og eigar (politikar), slik at kvar gruppe er representert. SU behandlar saker som vedgår barnehagen si drift og det pedagogiske arbeidet.</p> <p>Samtykke Me har eit skjema som spør om samtykke i forhold til bilete, buss, bil m.m. Dette <u>MÅ</u> alle foreldre fylle ut når dei søker om plass i barnehagen. Dette ligg under barnehageportalen. I tillegg ønsker me at alle oppdaterer samtykke på Visma.</p> <p>Sikkerheitsrutinar Me tenker sikkerheit i alle situasjonar her i barnehagen og har egne rutinar</p>

	<p>som gjeld f.eks. ute på tur.</p> <p>Skule Me har eit godt samarbeid med skulane i Hå. Førskulebarna drar på skulebesøk på våren, det året dei skal starte på skulen. Dei ulike skulane sender ut invitasjon til førskulebarna/føresette om skulebesøk.</p> <p>Soving Barna søv på feltsenger inne på soverom. Barnehagen har feltsenger, madrassar og dyner/tepper. Nokre barn søv i vogn.</p> <p>Sjukdom Gi alltid beskjed når barnet er sjukt. I utgangspunktet er det allmenntilstanden som avgjer om barnet bør vera heime frå barnehagen. Smittefare bør og ha betydning når de vurderer om barnet kan gå i barnehagen. Er de usikre, ta gjerne ein telefon på førehand. Blir barnet sjukt i barnehagen tek me kontakt med foreldre/føresette. Hovudregelen er at barn skal ha ein allmenntilstand som gjer at dei kan ha det bra i barnehagen.</p>																		
T	<p>Taushetsplikt Personalet i barnehagen har skrevet under på taushetsplikt-skjema som sikrar foreldre og barn at personlige og private forhold blir haldt innanfor barnehagen.</p> <p>Telefon</p> <table border="1" data-bbox="279 1220 1388 1803"> <tr> <td>Motlandsmarka barnehage</td> <td>51 43 69 00</td> </tr> <tr> <td>Rød avdeling</td> <td>992 14 839</td> </tr> <tr> <td>Blå avdeling</td> <td>992 14 843</td> </tr> <tr> <td>Oransje avdeling</td> <td>992 14 841</td> </tr> <tr> <td>Gul avdeling</td> <td>992 14 861</td> </tr> <tr> <td>Grøn avdeling</td> <td>994 33 970</td> </tr> <tr> <td>Lilla avdeling</td> <td>992 14 842</td> </tr> <tr> <td>Styrrar</td> <td>992 14 803</td> </tr> <tr> <td>Assisterande styrrar</td> <td>992 14 870</td> </tr> </table>	Motlandsmarka barnehage	51 43 69 00	Rød avdeling	992 14 839	Blå avdeling	992 14 843	Oransje avdeling	992 14 841	Gul avdeling	992 14 861	Grøn avdeling	994 33 970	Lilla avdeling	992 14 842	Styrrar	992 14 803	Assisterande styrrar	992 14 870
Motlandsmarka barnehage	51 43 69 00																		
Rød avdeling	992 14 839																		
Blå avdeling	992 14 843																		
Oransje avdeling	992 14 841																		
Gul avdeling	992 14 861																		
Grøn avdeling	994 33 970																		
Lilla avdeling	992 14 842																		
Styrrar	992 14 803																		
Assisterande styrrar	992 14 870																		

	<p>Turar Me er ofte på tur i nærområdet som fugleparken, Jærmuseet, leikeplassar, Klokkarskogen, brannstasjonen og andre bedrifter.</p> <p>Tilvenning Alle barn skal ha minimum 5 dagar med tilvenning når dei begynner i barnehagen. Barna reagerer veldig ulikt når dei begynner i barnehagen, nokre treng lenger tid før dei er trygge enn andre. Tilvenningen starter på våren med besøksdager, oppstartssamtaler og foreldremøter. Det er viktig at både barnehagen investerer god tid til tilvenningen for barnet skal få en trygg og god start i barnehagen.</p>
U	<p>Ulykker Kommunen har forsikring på alle barn som går i barnehagane. Sjå kommunale vedtekter. Link til kommunale vedtekter ligg på heimesida.</p> <p>Utetid Me er ute i all slags vær. Barna må ha klede som er tilpassa været og årstida i barnehagen.</p>
V	<p>Politiattest Alle tilsette, både faste og vikarar, må skaffe seg vandelsattest frå Politiet før dei får tilsetting i kommunen.</p> <p>Verdiar Motlandsmarka barnehage har viktige verdiar me jobbar etter. Omsorg og Tryggleik, Likeverd og Raushet, Leik og Glede.</p> <p>Visjon Motlandsmarka sin visjon er «Saman om ein god barndom».</p>
W	<p>WWW Me er på nett: www.ha.kommune.no/motlandsmarka</p>
Å	<p>Åpningstider Barnehagen er open kl. 06.45-16.15.</p> <p>Husk å berekne tid til påkledning, barnehagen stenger kl.16.15. Barnehagen er stengt julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00.</p>

	<p>Barnehagen har 5 plandagar i året, og er då stengt. Datoane finn du på nettsida.</p> <p>Årsplan Sjå nettsida vår.</p>
--	---

Postadresse:
Motlandshagen 5 4365,
Nærbø

Telefon:
51436900

Internett:
www.ha.no/motlandsmarka

Organisasjonsnummer:
916996101